



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjelydane i Sveio

REFERAT MØTE I SVEIO SOKNERÅD

Dato:	03.04.2025
Desse møtte:	Anne Vierdal, Rune Hjelmeseter, Leiv Rossehaug, Sigrund Breistig, Solfrid Habbestad, Lars Severin Reiersen, Eirik Aadland Tappel, Bente Johannesen, Elisabeth Fauskanger.
Fråvær:	
Referent:	Sigrund Breistig

SR 26/25	Opprop, godkjenning av innkalling og dagsorden Vedtak: Innkalling og sakliste blei godkjent. Eventuelt: Under bispevisitasen utfordra biskopen oss om å arbeide for universell utforming i kyrkjene, og utba eit svar på korleis ein tenker å jobbe med dette.
SR 27/25	Godkjenning av referat frå førre møte. Vedtak: Referat frå møtet 06.02.25 blir teke opp til godkjenning ved neste møte. Merknad: Etter vedtak i Fellesrådet skal referat og sakliste for møte leggst ut på Kyrkja sine nettsider. Referat blir sendt til kyrkjeverje slik at dette kan publiserast på nettsidene.

SR 28/25	Gudstenester sidan sist 16. mars kl.: 11:00 23. mars kl.: 11:00 Kyrjekaffi med årsmøte for kyrkjelyden (soknemøtet). Fin gudsteneste med godt oppmøte (om lag 160 stk). Barnekoret tok del. Barnedåp.
SR 29/25	Utvalgsmøter sidan sist. Fellesrådet Gjennomgong av rekneskap og budsjett. Nye satsar til medlemmer i sokneråd 427 kroner pr. møte, leiar får eit eget tillegg. Dette skal regulerast årleg. Det er sett ned eit økonomi utval som i første omgang ser på kyrkjemusikar/kantor stillinga. Budsjettprosessen kjem også seint på året, og utvalget arbeidar også med dette. Medarbeiderfest er fastsatt til den 4. juni. 2025. Ny prest i Valestrand/ Førde skal tilsetjast 9. april. Kyrkjevertgruppa - Trusopplæringsutvalget Elisabeth Fauskanger gjorde oss merksam på at rett namn skal vera Kirkelig undervisning og læring. Diakoniutvalget Møte neste veke for å drøfte prosjektarbeidsstillinga for besøkstenesta, arbeide med plan for diakoni og drøfte andre aktivitetar.

SR 30/25	Oppnemning av representantar frå Sveio sokneråd til sameigarmøtet og styret i Sveio soknehus 7. april Utnemning av representantar til sameigarmøtet og til styret. <i>Representantar til styret til Sveio soknehus:</i> Forslag: For Sveio sokneråd: Bent Rune Sinnes, for 2 år For Sveio bedehus: Marianne Svarverud Hansen, for 2 år <i>Representantar til sameigarmøtet 7. april klokka 18:00:</i> 2 for Sveio bedehus: Edvin Reiersen og Lars Severin Reiersen 2 Representantar for Sveio Sokne råd: Rune Hjelmeseter og Leif Rossehaug. Soknerådet utnemner dei føreslåtte kandidatane til styret for soknehuset (forsamlingsdel) og sameigarmøtet.
SR 31/25	Høyring, ettersyn av revidert reguleringsplan for barnehage Sveio sentrum Det ligg ute ettersyn av revidert reguleringsplan for barnehage i Sveio sentrum. Leiar presenterte utkast til høyringssvar frå soknerådet. Eirik foreslår å undersøke og hente inn råd med fagfolk for kyrkjebygg i Bergen. Rune følger opp dette vidare og former eit høyringssvar.
SR 32/25	Ungdomsår 2025-2026 – brev frå prosten Det har kome brev frå prosten i Sunnhordland til sokneråda i prostiet om at åra 2025 og 2026 skal ein ha spesielt fokus på ungdom og vere ungdomsår. Soknerådet har fått følgjande hovudmål som utbes eit svar: <i>1) Kva gjer vi for ungdom? – dele gode historier frå kyrkjelydane i Sunnhordland</i> <i>2) Kva kan vi gjere for ungdom i vår kyrkjelyd?</i> <i>3) Kan ungdom utfordrast til å vere med på det tiltaket/gudstenesta vi allereie planlegg å gjennomføre?</i> Forslag: Auka fokus på konfirmantane med kvalitet på undervisning og i form. Me har i dag mange ungdommar i Sveio som vel å konfirmere seg i kyrkja. Eit mål er å oppretthalde dette talet. Og

	engasjere fleire foreldre til då å vera med i det arbeidet. Dette fordrar at ein set inn fleire økonomiske ressursar. Kyrkja i Sveio har ein del pengar i fond, og at soknerådet har også pengar. Punkt 1:Allokere pengar til eit styrka konfirmantarbeid. Punkt 2: Utfordre ungdommane som går på MILK til å hente inn svar på spørsmål nummer 2. Elisabeth Fauskanger snakkar med ungdommane i MILK om dette. Punkt 3: Når staben er komplett, vurdere å setje i gong ein konfirmantprosjekt, gjerne i samarbeid med besøkstjenesten og trusopplæringa. Vi ber staben drøfte innspela frå soknerådet. Saka blir teke opp igjen neste med fokus på å hente inn ressursar til arbeidet. Andre forslag som blei løfta fram: Involvere konfirmantane, gjerne til å ta meir aktiv del i gudstenestene. Forslag om å involvere ungdomane i dramatisering av bibelforteljingar. Musikk, dans og drama i kyrkja. Meir dans i gudstenestene. Meir musikk og litteratur i kyrkja og soknehuset. Lars foreslår å bruke fleire nye salmar i kyrkja saman med dei tradisjonelle. Parkeringsplassen utforbi soknehuset kan brukast meir.
SR 33/25	Eventuelt Biskopen utfordra kyrkja til å svare på korleis ein tenker å møte kravet om Universell utforming i kyrkjene. Dette drøftar me vidare i neste møte.
SR 34/25	Møtekritikk Det er ønskeleg med kjeks og kaffi på møtene. Forslag om å byte på kven som møter litt tidlegare og gjer dette klart. Leif koker kaffi til kvart møte. Rune lager liste og Fasteaksjonen tysdag. Bente, Rune og Sigrund frå soknerådet er med og deler ut bøsser til konfirmantane.

	Alle elevane er fordelt på ulike rodar. Oppmøte tysdag kl.16.00.
--	---

Deling av referat frå soknerådet til staben.

Eirik vidaresender dette til staben.